

Hallo i nedslagsfeltet!


No er eg inne i ein tøff eksamensperiode, og kvar dag blir stort sett nytte til lesing og pugging av pensum. Men unntak av helgene, sidan v-cupsesongen for vinteridrettane har starta på igjen. Har lett for at eg heller endar opp med å sjå på idrett i staden for å gjere det eg eigentleg burde prioritere, sidan eg har ein ny eksamen neste fredag.

Er ferdig med min fyrste universitetseksamen, og har to att før eg endeleg har julefeire. Sidan lesinga tek så mykje tid har eg siste veka fått trenar mindre enn vanleg, men når eg fyrst trenar har eg hatt hardare økter.

Fotballaget har tre styrketreningar i veka, pluss at vi har fått eit treningsprogram med uthaldstrening som vi sjølv har ansvar for å gjennomføre tre gongar i veka. Vi trenar styrke ved to ulike treningscenter, og to av øktene er på «Barry's Bootcamp».



Øktene her varer i ein time. Halvparten av tida er på tredemølle, resten er styrketrening med manualar. Det er svært høg intensitet og ein må jobbar verkeleg i kjellaren for å orke heile økta. Salen vi trenar i er også svært spesiell. Det er ganske mørkt, med litt raude og blå lys. Grunnen til dette er at ein meiner at ein klarer å presse seg sjølv betre når ein ikkje trenar i full belysning. Eg synast i allefall dette har god effekt og får mykje ut av kvar økt. Gangsperra sit godt i fleire dagar, og føler at eg får pressa ut mitt ytste.



Elles så er opplegget for neste fotballsesong litt usikkert for min del. Sandviken har bestemt seg for å satse for fullt, i håp om å få spelarar frå U-laget (2.div) til toppserien. Laget skal ha seks treningar i veka og eit enda tettare samarbeid med fyrstelaget. Vi har difor fått beskjed om å bestemme om vi er med eller ikkje, 100 %. Sidan eg flytta hit til Bergen for å studere, må eg nesten prioritere studiane og å ha seks obligatoriske treningar i veka blir difor eit problem. Eg har snakka med trenarane om dette, for eg vil gjerne vere med vidare! Svaret er fekk var at eg fekk vente til etter juleferien, når eg kjem tilbake igjen til Bergen – slik at dei såg korleis spelergruppa hadde sett seg og om det var behov for fleire spelarar.

Sidan semesteret til våren sluttar ganske tidleg, rundt midten av mai, er det uaktuelt å melde overgang til eit nytt lag. Får berre krysse fingrane for at eg framleis kan få eit tilpassa tilbod her i Sandviken etter jul.

Elles så må eg gratulere Hødd som norgesmeistrar! Utruleg spennande og kjekk kamp, fotballunderhaldning på sitt beste.

Mi personlege form på ein skala får 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 6.2